



**Verneområdestyret  
Setesdal Vesthei,  
Ryfylkeheiane og  
Frafjordheiane**

# Møteprotokoll

**Utvalg:** AU i verneområdestyret for SVR  
**Møtested:** Teams  
**Dato:** 27.10.2021  
**Tidspunkt:** 08:30  
**Godtgjørelse:** 1.30 min

## Følgende faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon
Bjørn Laugaland	Styreleder
Jonny Liland	Nestleder
Gerd Helen Bø	Medlem
Inger Lise Lund Stulien	Medlem
Steinar Kyrvestad	Medlem

## Fra administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Alf Odden	Verneområdeforvalter
Jørn Haug	Verneområdeforvalter

## Underskrift:

Vi bekrefter med underskriftene våre at det som er ført på de sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som ble vedtatt på møtet.

---

Inger Lise Lund Stulien

---

Bjørn Laugaland

## Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold
AU 53/21	Godkjenning av innkalling og saksliste
AU 54/21	Val av en representanter til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar
AU 55/21	Disponering av tiltaksmidler og styremidlar ut 2021.
AU 56/21	Søknad frå Agder Fylkeskommune om å utsette vinterstenging av veg Brokke - Suleskard

### **AU 53/21 Godkjenning av innkalling og saksliste**

#### **Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 27.10.2021**

Inga merknad til innkalling.

### **AU 54/21 Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar**

#### **Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 27.10.2021**

##### **Vedtak**

Inger Lise Lund Stulien skriv under protokollen saman med styreleiar.

### **AU 55/21 Disponering av tiltaksmidler og styremidlar ut 2021.**

#### **Forvalters innstilling**

Arbeidsutvalet vedtek følgjande omdisponering av tiltaksmidlar for 2021:

- Kr. 117 000 vert nytta til tilrettelegging av tursti på Hovdenut i Bykle kommune

Arbeidsutvalet vedtek følgjande omdisponering av styremidlar for 2021:

- Kr. 150 000 vert nytta til ferdseleksregistreringar på stiar og vegar som nemnd i saka
- Kr. 78 492 vert nytta til pågåande arbeid med ny brukarorientert heimeside

#### **Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 27.10.2021**

Handsaming i møte

Samrøystes vedteken i tråd med innstilling.

## **AU 56/21 Søknad frå Agder Fylkeskommune om å utsette vinterstenging av veg Brokke - Suleskard**

### **Forvalters innstilling**

Med heimel i forskrift om vern av *Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde* kap. 4 pkt. 5.4 bokstav d, gir arbeidsutvalet Agder Fylkeskommune løyve til utvida opningstid på vegen Brokke – Suleskard fram til 1.11 kl. 12.00. Løyvet gjeld for 2021.

Arbeidsutvalet legg vekt på at utvidinga gjeld eit kort tidsrom og at det synast å vera eit normalår i høve til kor villreinen står. Utviding av opningstida med 12 timar vil såleis ikkje føre til ei ytterlegare forseinking av villreintrekket over vegen i høve til det som har vore vanleg dei seinare åra. Vidare legg arbeidsutvalet vekt på at vegeigar har trong for å nå ut til brukarane før dei sett i verk tidlegare tidspunkt for stenging enn det som har vore praktisert dei seinare åra.

Arbeidsutvalet legg til grunn at Agder Fylkeskommune frå 2022 held seg til dei faste opningstidene heimla i verneforskrifta.

### **Saksprotokoll i AU i verneområdestyret for SVR - 27.10.2021**

#### Handsaming i møte

Samrøystes vedteken i tråd med innstilling.